

DEI NORSKE RØTENE, FORHOLDET TIL NOREG OG DEN ISLANDSKE IDENTITETEN.

Else Mundal
Nordisk institutt, Universitetet i Bergen

Innleiing - Noreg som orienteringspunkt i den islandske geografien.

Det er ein merkeleg vid geografisk horisont i den islandske sagalitteraturen. Innanfor denne horisonten har ein praktisk talt alt det som den gongen var den kjende verda. På denne store scena bevegar islendingane seg verdsvant frå Jorsalaland til Vinland, frå Bjarmland og utbygdene på Grønland til Middelhavet. Med ein grov anakrinisme kunne ein nesten vere freista til å seie at i skildringa av islendingar på farten har vi eit bilete av mellomalderens jet set. Men kvar ligg så sentrum i Islendingane sitt vide verdsbilete? Er det Island som er det faste orienteringspunktet i geografien, det sentrum ein ser himmelretringane utifrå - eller er dette Noreg? Språklege uttrykk som er brukte i gammalislandske tekster kan tyde på at islendingane lenge etter landnåmet ber med seg eit verdsbilete der Noreg framleis ligg i sentrum. Frå dette mentale sentrum reiser dei *út til Islands* og til dette sentrum reiser dei *útan*. Dei reiser i *austrvíking* og *vestrvíking* som frå den islandske synsstaden begge skulle liggje i aust. Dei britiske øyane og Irland er *vestrlönd* også sett frå Island, ein irlending er ein *vestmaðr*, for både England, Skotland og Irland er *vestr um haf*. Til desse områda reiser dei *vestr - Vestr komk of ver*, seier Egill Skallagrímsson i *Höfuðlausn*, str. 1 når han segler frå Island til England¹ - og frå desse områda reiste dei *vestan* ikkje berre til Noreg, men også til Island - og fann fram. No er slike misvisande retningsnemningar, som synest å vere gjevne frå eit norsk synspunkt, ikkje gjennomførte i den islandske litteraturen. Det vert også vanleg - kanskje særleg i poesien - å omtale både Irland, Dei britiske øyane, faktisk også Noreg, som land som ligg *fyr sunnan haf*.

Ord som *austrvíking*, *vestrvíking* og *vestmaðr* var nok innarbeidde i språket med ei tyding som gjorde at førstelekkjen i ordet ikkje kunne endrast sjølv om ordet vart teke i bruk innanfor eit geografisk område der ordet etter den opphavlege tydinga verka misvisande. Andre retningsnemningar verkar meir som eit mentalt etterslep frå islendingane si norske forhistorie. Døma med retningsnemningar som *út til Islands* og *útan*, *vestr um haf* o.l. brukt om område som ligg austanfor Island, er eigna til å vise at overgangen frå å vere norsk og tenkje som ein nordmann til å vere islandsk og tenkje som ein islending ikkje var noko som skjedde i det same landnåmsmannen sette foten på islandsk jord. Landnåmsmennene bar med seg førestellingar som var forma på bakgrunn av erfaringar i gamlelandet, og førestellingar som var knytte til livet i Noreg, norsk natur, fauna og flora levde vidare på Island sjølv om førestellingane ikkje lenger kunne relaterast til noko som var kjent og erfart i det nye landet. Overgangen frå å vere norsk til å vere islandsk må ha vore ein prosess der eit etterslep av førestellingar som var nedarva frå forfedrane i gamlelandet, levde parallelt med førestellingar

¹ Verslina har vore brukt som dæme på manglande samsvar mellom prosateksta og strofene i saga. Men språkbruken her er nok heilt i samsvar med det som var vanleg språkbruk på Egils tid, og sannsynlegvis lenge seinare.

som var forma av ein ny erfaringsbakgrunn og parallelt med at ein islandsk identitet - delvis forma i opposisjon til ein norsk identitet - voks fram.

Norsk fauna og flora i islandske førestellingar.

Norsk fauna og flora var avgjort annleis enn den islandske. På mange område henta eit symbolhada biletspråk bileta sine nettopp frå dyre og plantelivet. Eit slikt område var det poetiske språket. I eddadikt, som ein ikkje veit sikkert kvar dei vart til, men som i alle fall levde i ein islandsk tradisjon, kan helten vere samanlikna med den høgbeinte hjorten som skil seg ut frå dei andre dyra, eller med eika som ragar høgt over klungeren (*Helgakviða Hundingsbana* II, str. 38; *Guðrúnarkviða* II, str.1). Dei islandske skaldane heldt fram med å la krigarane mette ulven, sjølv om dei færreste islendingar, kanskje heller ikkje alle skaldane, hadde sett ein ulv. I kjenningane for menn og kvinner møter vi i den første typen maskuline trenamn, i den andre typen feminine trenamn som grunnord. Dei færreste av desse trea fanst i det islandske landskapet. Ord for orm og slange er grunnord i fleire kjenningstypar, t.d. i kjenningar for skip og i kjenningar for våpen, men ormen var også eit dyr dei færreste islendingr hadde sett ved sjølvsyn. Like eins er hjort, rein, elg og bjørn dyrenamn som kan opptre i kjenningar for skip, alle desse dyra var velkjende i den norske faunaen, men ikkje i den islandske. Eit interessant spørsmål, som ligg utanfor rammene for dette foredraget, er kva konsekvensar det fekk for den gammal-islandske diktninga at ein etter måten stor del av det sentrale ordforrådet i kjenningane ikkje refererte til noko som var kjent i det islandske dagleglivet. Det kan neppe vere tvil om at på det norske området gav slike kjenningar klarare og skarpere assosiasjonsbilete. Men det er ingen ting som tyder på at dette gjorde det islandske kjenningsspråket mindre funksjonsdyktig, kanskje snarare tvert imot.

Kjenningsspråket var langt frå det einaste sentrale området i den islandske kulturen som var farga av den norske oppfatninga av tilværet. Eit anna sentralområde er mytologien. Her finst det rett nok eit og anna dyrisk vesen som ein ikkje risikerte å møte i norsk skog og mark, men like frå asken Yggdrasil til mistelteinen, frå ulvane i mytologien til den uskulldige Ratatosk, gav fauna og flora langt meir kjende assosiasjonar på det norske området enn på det islandske. Det same kan ein seie om visse religiøse førestellingar. Etter heidne norrøne førestellingar som levde vidare langt inn i kristen tid, kunne den vonde tanken vise seg som ein ulv. At fiendslege hugar i ulveskapnad viser seg i draum som varsel om eit føreståande slag, er eit mykje vanleg litterært motiv i sagalitteraturen. Like eins hadde mennesket etter dei norrøne førestellingane ei ytre sjel, ei fylgje, som hadde ein dyreskapnad som gjenspeglar mennesket sin karakter. M.a. bjørnen er eit ikkje uvanleg fylgjedyr også i dei islandske tekstene.

Rettspråket er eit anna område der arven frå den norske forhistoria er påfallande tydeleg. Ein fredlaus mann er *vargr*, sonen til ein fredlaus kallast i dei islandske fristatslovene *vargdrápi*. *Vargr i véum* er eit like godt islandsk som norsk uttrykk. Islendingane heldt fram med å *hasla vøll* sjølv om det var smátt med hasl á finne. Eidane *gríðamál* og *trygðamál* hentar

bilete frå det norske landskapet når det vert sagt at freden skal gjelde så vidt som furu veks og samar går på ski.²

Det er i ettertid vanskeleg å vite i kva grad islendingane i mellomalderen sjølv reflekterte over at dei på sentrale område i språket hadde eit ordforråd og språklege uttrykk som gjenspegla forhold i eit samfunn dei fleste islendingar ikkje lenger kjende av sjølvsyn. Nokre av desse språklege uttrykka fungerte uproblematisk, sannsynlegvis utan å aktivisere nemneverdig av assosiasjonar til den opphavlege tydinga til orda. I andre tilfelle ville det truleg vere eit behov for å få forklart kva ord eigentleg tydde - t.d. at *lind* eller *eik* ikkje berre var andre ord for *bjørk* - og like eins opphavet til språklege uttrykk som t.d. *hasla vöfl*. Fordi islendingane slo seg ned i eit land som i natur og klima var så ulikt det landet dei kom frå, vart den språkleg kulturelle arven som var knytt til norsk natur, fauna og flora, så påfallande synleg. Difor er det sannsynleg at dette var eit forhold som var med på å styrkje det islandske medvitet om at dei hadde ein felles kultur med det folket dei hadde sitt opphav i. Den stadige påminninga om dette gjennom språklege uttrykk som refererte til norske forhold, måtte verte større på Island enn om landnåmsmennene hadde slått seg ned i eit land som likna meir på det landet dei kom frå.

Frå nordmann til islending.

Vi har vel neppe kjelder som kan seie oss noko sikkert om når islendingane byrja å definere seg sjølve som islendingar, som ei gruppe menneske som ikkje var nordmenn. I ei strofe i *Gísli saga* omtalar Gísli seg sjølv med kjenningene *andspillir Egða*, 'egdernes ven'. Kjenningar der ein mann kan kallast ven til menneska i eit av dei norske landskapa, må nok oppfattast som ein kjenningstype som tyder 'nordmann'. Om strofa og kjenningen skulle vere ekte, ville vi her ha eit indisium på at landnåmsmennene, såg på seg sjølve som nordmenn også etter at dei hadde forlate gamlelandet. No står denne kjenningen i ein kontekst som ikkje er den mest tillitsvekkjande når ein skal vurdere om ei strofe er ekte. Kjenningen står i ei strofe der Gísli fortel om ei av draumekvinnene sine. Det er difor sannsynleg at strofa ikkje er ekte, men truleg dikta av ein seinare skald. I tilfelle kan kjenningen vise at den som har laga han - kanskje ein gong på 1200-talet - rekna med at landnåmsmennene såg på seg sjølve som norske. I lausavisa nr. 20 seier Egill Skallagrímsson at han har dronning Gunnhild å takke for *landrekstr þenna*. Men *landrekstr*, 'landsforvisning', er nok eit ord som ein helst vil bruke om forvisning frå sitt eige land, og det landet det her er tale om, er Noreg. Egill var ikkje sjølv fødd i Noreg, han var son av ein landnåmsmann.

Den første omtalen av islendingar i skaldedikta har vi i ei strofe av den norske skalden Eyvindr Finnsson skáldaspillir. I strofa nemmer han den kappespenna som islendingane hadde sendt han, og her er første lekken i samansetninga islending, dvs. *is løynd* i ein kjenning *álhimins*, og *álhimins* og *lendingar* er skilde frå kvarandre i strofa. Her kan ein ikkje sjå om ordet *islendingr* høyrer til på same nivå som *nordmaðr* eller på same nivå som *þrændr*, *sygnir* osv. Men etter kvart kom *islendingar* til å verte eit ord på same nivå som *nordmenn*, *danir*, *svolar*, dvs. namnet på eit eige folk i eit eige land,

² Innleiinga til ein slik eid finst i *Eldre Gulatingslov*, kap. 320. Fullstendige variantar av eidane finst i *Grágás* (Konungsbók, kap.115, Staðarhólsbók, kap. 387-88), dessutan i to islendingesoger, *Grettis saga*, kap.72, og *Heiðarvíga saga*, kap.33.

og det er utan unntak denne tydinga ordet har i sagalitteraturen. Eg skal likevel nemne ein kjenning i ei skaldestrofe av den islandske skalden Óttarr svartir som kan tolkast slik at islendingane enno tidleg på 1000-talet ikkje heilt har fatta at dei ikkje er ein del av det norske kongedømet. Kjenningen det gjeld, er *stjóri markar Íslands* i Óttars lausavise nr. 1, og strofa er etter konteksten retta til Olav den heilage. Det kan tenkjast at skalden prøver å smigre kongen på grensa av det tillatelege, og det kan også tenkjast at kjenningen er meint å tyde noko anna enn det han synest å tyde. Finnur Jónsson omset kjenningen med "Norges (?) konge" (Finnur Jónsson 1912-15: IB 275). *Markar Íslands*, 'islandets skogar/område' kunne sjølvstapt vere ein kjenning for Noreg, men det ville i tilfelle vere ein så tvetydig kjenning at ein knapt nok kunne rekne med at han vart rett oppfatta.

Forholdet til den norske kongen.

Som folk måtte islendingane av historiske grunnar kome til å definere seg i forhold til nordmennene. Medvitet om den felles forhistoria, måtte føre til at islendingane identifiserte seg med nordmennene, på den andre sida måtte islendingane ha eit behov for å distansere seg frå nordmennene nettopp for å bygge opp sitt eige sjølvbilet. I framstillinga av forholdet til Noreg og nordmenn slik dette er skildra i den islandske litteraturen, ser vi denne doble holdninga ganske klart demonstrert.

Oppbrotet frå Noreg og det islandske landnåmet er i den islandske litteraturen framstilt som resultatet av den ufreden som rikssamlinga under Harald hårfagre førte med seg. Den nye kongemakta er - særleg i islendingesogene - framstilt i eit temmeleg negativt lys. Kongen tok odelen frå bøndene, heider det, kva det no måtte tyde. Men dei mest fridomskjære og stride hovdingar og storbønder ville ikkje finne seg i å verte kongens træl. Dei braut med det nye kongedømet og søkte lukka og fridomen i eit nytt land. Kor mykje historisk sanning det ligg i denne framstillinga av grunnane til oppbrotet frå Noreg og landnåmet på Island, er det vanskeleg å seie. Men dette er i alle fall den framstillinga islendingane i ettertid ynskte å gje. Som ein myte om korleis nasjonen vart til, og som basis for det islandske sjølvbiletet er det opplagt at det fungerte svært godt å seie at landnåmsmennene var dei som ikkje ville bøye seg for kong Harald fordi dei var stolte og fridomskjære og ikkje ville trækast. Dette gav ein heilt annan basis for oppbygginga av eit sjølvbilet enn t.d. å gje den framstillinga at landnåmsmennene var dei som måtte røme landet fordi dei hadde tapt for kong Harald og fått konfiskert eignedomane sine, eller at landnåmsmennene reiste ut på grunn av overbefolkning og knapp tilgang på jord.

Eg skal ikkje gje meg inn på noka vurdering av dei historiske grunnane til landnåmet, sannsynlegvis var det fleire faktorar - m.a. alle dei som nettopp er nemnde - som spelte inn, dette kjem for så vidt også fram i sagalitteraturen, men av alle faktorane kom dei islandske kjeldene i særleg grad til å framheve ein: landnåmsmennene sin uvilje mot å la seg trælke og kue av den norske kongen. Utferda til Island er såleis ikkje berre skildra som eit oppbrot, men som eit brot med kongemakta, og på denne bakgrunnen skulle ein vente eit negativt syn på den norske kongen og den norske kongemakta i sagalitteraturen. Det har vi for så vidt også i ein del tekster. Synet på den norske kongen og kongemakta er i det vesentleg negativt skildra i ei islendingesoge som *Egils saga*. Også i andre soger representerer den norske kongen ein autoritet som kunne representere eit

trugsmål mot islendingane si frie utfalding, m.a. ved å halde dei tilbake i Noreg som gislar. I islendingesogene skjer dette særleg i samband med innføringa av kristendomen. Men at islendingar vart haldne tilbake i Noreg som gislar, var i høgste grad også ein historisk realitet i det tidsromet islendingesogene vart skrivne. Det er ikkje usannsynleg at det er gisseltakinga i den til dels spente politiske situasjonen mellom Noreg og Island på 1200-talet som er reflektert i skildringa av gisseltaking i islendingesogene. Men sidan gisseltakinga i islendingesogene stort sett har samanheng med innføringa av kristendomen, og sidan islendingesogene vurderer innføringa av kristendomen som ei lukkeleg hending for landet som framfor alt norskekongen Olav Tryggvason har æra for, vert gisseltakinga i islendingesogene eigentleg ikkje lagd kongen til last.

Eit motiv i sagalitteraturen som ein også må sjå i forhold til det noko ambivalente forholdet til den norske kongemakta frå islandsk side, er motivet som viser ein islending i konflikt med kongen. Mest utbygt er dette motivet sjølv sagt i *Egils saga* som er eineståande innanfor genren islendingesoger på den måten at konflikten mellom to meir eller mindre jambyrdige islandske partar, er erstatta av konflikten mellom ei islandsk ætt og det norske kongehuset. Denne saga er som skapt for å byggje opp under den islandske myten om bakgrunnen for landnåmet, men konflikten mellom ein islandsk helt og den norske kongen finst også i mange litterære tekster der kongebiletet er mindre negativt enn i *Egils saga*. I nokre tekster har vi ikkje ein direkte konflikt, men ein konkurranse som lett kunne utvikle seg til konflikt. Dette har vi t.d. i *Laxdæla saga* der Kjartan konkurrerer i symjing mot kong Olav Tryggvason utan å vite at det er kongen, og seinare truar med å brenne kongen inne fordi han ville tvinge islendingane til å ta ved kristendomen. Denne konflikten løyser seg av seg sjølv, men ei lang rad tåttar, er bygde opp rundt ein konflikt mellom ein islending og den norske kongen. Dette er jo det ein kunne kalle rått parti, og konflikten utviklar seg heller ikkje til ein blodig konflikt. At islendingen skulle ta livet av kongen, er ganskje utenkjeleg, det ville openlyst stride mot dei historiske fakta, og at kongen skulle ta livet av islendingen, var sikkert inga god historie, sett frå islandsk side. Sjølve poenget i desse tekstene er nettopp at islendingen får sjansen til å verte den norske kongens overmann. Difor er også konflikten flytta eit hakk ned på spaningskurva frå den blodige konflikten til den ikkje-blodige. Islendingen vert konges overmann ved å fornærme han eller lure han, og han kjem seg unna med det, gjerne ved å stikke til sjøs. Det er ingen tvil om kvar sympatien ligg i desse tekstene, den ligg hjå islendingen som lurar den norske kongen. Det er sjølv sagt vanskeleg å vite nøyaktig både når forteljingane og tekstene med dette motivet vart til. Men 1200-talet har nok vore ei blomstringstid for tekstene som fortel om ein konflikt mellom ein islandsk helt og norskekongen der den islandske helten er den som går sigrande ut av konflikten. Det er ikkje urimeleg at desse tekstene skal lesast på bakgrunn av dei politiske forholda i denne perioden då fristaten gjekk under og Island gleid inn i ein union med Noreg.

På bakgrunn av at den islandske sagalitteraturen gjev det biletet at landnåmet var resultatet av ein konflikt med den norske kongen, er den gjennomgåande positive holdninga til den norske kongen innanfor alle genrar av sagalitteraturen likevel meir iaugnefallande enn den ambivalente holdninga i ein del tekster. Det gjennomgåande biletet i sagalitteraturen er at islendingane alt i landnåmstida og heile fristatstida igjennom søkte til det

norske hoffet og vart godt mottekne. Å vere hirdskald vart etter kvart nærmast ein islandsk spesialitet, skal vi tru kjeldene. Det er nok i dei fleste tilfelle ei overdriving når det ofte vert framstilt slik at kongen har høyrte om islendingane som kjem til hirda, på førehand, og kjenner den gode slekta deira. Funksjonen til slike forteljingar er å kaste mest mogeleg glans over islendingen. Men ein liten snev av sanning kan det ligge også i slike motiv. Dersom det var vanleg at det kom islendingar til den norske kongen og bad om å verte tekne opp i hirda, så måtte den norske kongen ha ein viss kjennskap til dei mektigaste islandske ættene. For det seier seg sjølv at norskekongen kunne ikkje ta opp i hirda alle som kom og sa at dei var islendingar, og som elles såg reine og pene ut.

Biletet av bakgrunnen for landnåmet - norskekongens tyranni - og biletet av islendingane som søker tilbake til den norske kongen og bed om å verte kongens menn, er eigentleg to bilete som i alle fall ved første augnekast ikkje synest å passe godt saman. Men som også Vésteinn Ólason har peikt på (Vésteinn Ólason 1989: 281-83), tener begge desse tilsynelatande motstridande bileta sannsynlegvis ein felles funksjon i tekstene, dei skal bygge opp det islandske sjølvbiletet og framstille den islandske helten i eit ærefullt lys.

Sidan kongen stod på toppen av samfunnsstigen, var kongen ein instans som kunne tildele ære. Dette kom sannsynlegvis til å spele ei svært stor rolle nettopp i det islandske samfunnet. Om ein kan tore å bygge på dei seinare landskapslovene, var menneska i det norske samfunnet fødde inn i ei lovdefinert sosial klasse som var bestemt av forholdet til den jorda ein budde på, om ætta åtte jorda, og kor lenge jorda hadde vore i ætta si eige. Kor mange lovdefinerte sosiale klasser det fanst, og avstanden mellom klassene, varierer litt frå landskapslov til landskapslov, men både på Vestlandet og i Trøndelag fanst det eit lagdelt fritt bondesamfunn med ulik rett i samfunnet som var definert av lovene. Mellom dei lovdefinerte samfunnsklassene fanst det ikkje vasstette skott. Ved hjelp av tid og rikdom kunne ætter arbeide seg oppover, og dei kunne falle nedover, og på toppen av samfunnet sat dessutan kongen og kunne tildele rett og status til den som gjekk i hans teneste. Etter dei islandske fristatslovene var det frie bondesamfunnet ikkje delt inn i klasser med ulik lovdefinert rett. Om denne ulikskapen mellom islandsk og norsk lov er eit resultat av at det norske klassedelte samfunnet som bygde på forholdet til ætta si jord, fall saman ved at jorda vart forlaten, eller om ulikskapen kjem av at det sterkt klassede norske samfunnet voks fram etter landnåmstida, er eit problem eg ikkje skal drøfte her. Men i alle tilfelle er det i den perioden sagalitteraturen vart skriven, sannsynlegvis også i sagatida, ein betydeleg skilnad på oppbygginga av det norske og det islandske samfunnet. Det norske frie bondesamfunnet var etter lova klassedelt, det islandske frie bondesamfunnet var etter lova i prinsippet klasselaust. Men denne klare skilnaden etter lova, var langt frå like klar i praksis. Det er lite i dei litterære kjeldene som tyder på at det islandske samfunnet var spesielt demokratisk i tydinga at alle menn hadde den same rett og var like mykje verd. Fråværet av den lovdefinerte lagdelinga av det frie bondesamfunnet, gav nok ein større sosial mobilitet enn i det norske samfunnet. Men i og med at ættebakgrunnen relativt sett vart mindre viktig for sosial status enn i det norske samfunnet, vart andre faktorar relativt sett viktigare, t.d. mannen sine eigenskapar og handlingane hans. Di mindre klart status og ære låg forankra

i ætta, di hardare vart kampen for å vinne ære og kampen for å halde på æra, og vegen til ære og status gjekk nok først og fremst gjennom aggressive handlingar.

Men i det biletet sagalitteraturen gjev, fanst det også for islendingane ein ikkjevaldeleg veg til æra. Denne gjekk gjennom den norske kongen. Islendingane hadde i Noreg i mellomalderen langt på veg det vi i dag ville kalle dobbelt statsborgarskap. Islendingar som dreiv handel i Noreg, ville verte innplasserte på den norske sosiale rangstigen med haulds rett, dvs. på toppen av det frie bondesamfunnet.³ Om dei vart mottekne av kongen, ville dette sjølv sagt vere ærefullt, men vart dei dertil tekne opp i hirda, ville dette også gje innplassering på den norske sosiale rangstigen. No ville korkje haulds rett i Noreg eller det å vere norskekongens hirdmann vere ein sosial rett eller ein posisjon i samfunnet som utan vidare kunne vekslast inn i tilsvarende status i det islandske samfunnet. Men verdlaus var den norske statustildelinga slett ikkje etter tilbakekomsten til Island. Preben Meulengracht Sørensen som har drøfta forholdet mellom islendingane og den norske kongen (Meulengracht Sørensen 1993: 121-126), vurderer dei høge titlane som islendingane Snorri Sturlusson og Gizur Þorvaldsson fekk i Noreg som ein destabiliserande faktor i det islandske samfunnet. Det kan nok vere rett i dei aktuelle tilfella, men på det tidspunktet var det islandske samfunnet på førehand destabilisert, og dei titlane dei fekk - Snorri vart lendmann og Gizur jarl - var uvanleg tunge. I eit mindre destabilisert islandsk samfunn før sturlangatida, kan forholdet tvert imot vere at dei norske æresbevisningane som islendingar fekk ved å verte tekne opp i den norske hirda, vart ein stabiliserande faktor i det islandske samfunnet sidan dette var ein ikkjevaldeleg veg til æra.

Sannsynlegvis gjev sagalitteraturen eit temmeleg overdrive bilete av kor mange islendingar som var norskekongens hirdmenn, men biletet litteraturen gjev, fangar truleg likevel inn ein historisk realitet, nemleg at i jakta etter ære vart paradoksalt nok den æra kongen kunne gje, relativt sett viktigare for islendingane enn for nordmennene, endå islendingane ifølgje si eiga litterære framstilling hadde rømt frå overgrepa til den same kongen.

Islendingane og møtet med framand kultur.

Den islandske litteraturen seier eigentleg svært lite om korleis islendingane møtte alt det som var annleis i Noreg enn i heimlandet. Det framande og farlege, t.d. den norske skogbjørnen, kunne by ei utfordring som den islandske helten kunne få ære av. Den islandske helten som feller ein norsk skogbjørn, er eit motiv som kan alternere med kamp mot ville berserkar, begge motiva er ei manndomsprøve som den unge, urøynde islandske helten består med glans. Det er opplagt at eit motiv som kampen mot skogbjørnen fungerer endå betre i islandsk litteratur enn i norsk i og med at dyret er ukjent og dermed kan få ein ekstra eventyrglans over seg. Det farlege i det ukjende kan altså representere ei utfordring som kan gje den islandske helten sjanse til å oppnå ære, og som han møter med døds forakt. Men elles ser strategien i møtet med det framande ut til å vere å late som ingen ting. I *Heimskringla*, *Magnússons saga* kap. 12 har Snorri ei fantastisk

³ *Eldre Gulatingslov*, kap. 200, seier at islendingar som driv handel i Noreg skal ha haulds rett, om dei slår seg ned, har dei haulds rett i tre år, og seinare slikt rett som dei kan føre vitne for. I utgangspunktet hadde islendingar dobbel så god rett i Noreg som andre utlendingar.

skildring av korleis kong Sigurd Jorsalfare reid inn i Miklagard. Kongen instruerte mennene sine på førehand, og bad dei ikkje bry seg vidare med alt det nye dei såg, og dei reid inn i byen utan å sjå seg til høgre eller venstre som om dei aldri hadde gjort noko anna enn å ride gjennom gullportar og gjennom gater belagde med det kostelegaste pell. Norskekongen og nordmennene kan sikkert ha gjort noko slikt, men dette er trass alt skrive av ein islending, så dette er kanskje like mykje den islandske strategien i møtet med det framande. No var det kanskje ikkje så svært mykje å verte imponert over i Noreg samanlikna med det ein kunne sjå andre stader i Europa, og hadde islendingane på vegen til Noreg stukke innom Dei britiske øyane, kunne kanskje møtet med Noreg verte eit antiklimaks. Men holdninga til det framande anten det har vore meir eller mindre imponerende, har tydelegvis vore at ein ikkje skulle vise undring, ikkje vise at ein stod andsynes noko ukjent og ikkje vise at ein var imponert. Dei som er overgjevne av undring over alt det nye og stiller spørsmål om kva alle ting er eller tyder, er menn av det slaget som ifølgje dei islandske tekstene er "knappt nok sjølvberga med vit", slike som Hreiðar i *Hreiðars þátr*. Han spør og grev og viser begeistring over alt det nye han opplever, og vert ein komisk figur. Møtet med Noreg og spesielt med den norske hoffkulturen er i seg sjølv ei manndomsprøve for islendingane som dei kan vinne ære av om dei består prøva og kan opptre verdsvant.

Men det finst tekster som nok viser at islendingane - i alle fall ein del av dei - har hatt ei ambivalent holdning til den norske "finkulturen" og i sitt stille sinn ynskt norske hoffskikkar, silkeklede og statussymbol dit pæren gror. Rett nok møter vi i den islandske litteraturen ei beundring av importerte varer og framande skikkar. Ein måte den heimkomne islendingen kan vinne ære på, er nettopp ved å vise fram statussymbol som kostelege klede og våpen og følgje utanlandske skikkar og veremåtar. Men dei islandske tekstene er ikkje eintydige på dette punktet. Eg er ikkje ein gong sikker på at forfattaren av *Laxdæla saga*, som legg for dagen den mest nasegruse beundringa for det framande, er heilt utan eit lite ironisk glimt i skildringa av den utanlandske stasen. Forfattaren av *Eyrbyggja saga* harselerer openlyst med beundringa for det framande, og *Hreiðars þátr*, som nettopp er nemnd, gjev eit ganske interessant døme på dobbelkommunikasjon. Den dumme Hreiðar er komisk, og ikkje typen på ein stor islandsk helt. Men forfattaren let det skine gjennom at han kan vere meir forstandig enn den staselege broren Þórðr. Då broren vil kle han opp i stasklede, og seier at klede skaper folk, svarar Hreiðar at han har slett ikkje tenkt å stase seg til, og løysinga vert at han får nye klede av vadmål. Han vil altså vere seg sjølv i sitt islandske vadmål. Hadde Hreiðar vore ein vanleg islandsk helt, hadde vi her hatt ein klar bodskap i teksta, men teksta vert tvetydig fordi Hreiðar nettopp er ein mann som er "knappt nok sjølvberga med vit". Men det kan neppe vere tvil om at forfattaren her gjev spark i fleire retningar, kanskje først og fremst til sine eigne landsmenn og beundringa deira for det framande, men i Hreiðar si avvisning av dei klede og det utstyr han ifølgje broren må ha i den norske hirda, kan ein kanskje også tolke inn ei negativ holdning frå islandsk side til det det norske hoffet representerer - passeleg godt kamuflert med den dumme Hreiðar som talerør - og i den politiske situasjonen på 1200-talet kan den negative holdninga gjelde meir enn stasklede og hoffskikkar.

På eitt område kjem den islandske sagalitteraturen nokre få gonger ganske nær ei vedgåing av at islendingane kunne ha problem i møtet med den norske kulturen. Det gjeld møtet med den norske drikkekulturen. Som Jerny Jochens har påpeikt (Jochens 1995: 107) gjev den islandske litteraturen faktisk eit ganske tydeleg bilete av at det vart drukke meir i Noreg enn på Island, noko som er ganske rimeleg når ein veit kor mykje lettare tilgang ein her hadde på korn. No kan ein ikkje seie at litteraturen gjev det biletet at islendingane ikkje fann seg til rette med den norske drikkekulturen, tvert imot får ein gjennomgåande det inntrykket at dei kasta seg inn i denne norske idrotten med liv og lyst og hausta ære som store drikkemenn. Men det finst likevel islandske tekster som framstiller den omfattande øldrikkinga i Noreg som eit problem. Eg skal her berre dra fram ei tekst som døme på dette. Teksta er *Vøðu-Brand's þáttr*, og teksta er interessant fordi helten her, Vøðu-Brandr, er ein helt av ein liknande type som Hreiðar i *Hreiðars þáttr*. Han har nok ikkje så tungt for det som Hreiðar, men han er heller ikkje den typen helt som islendingesogene brukar å karakterisere som "den emnelegaste mann på Island". Når Brandr vert boden øl i Noreg, nektar han å drikke, og han seier at "eg har ikkje for mykje vit, sjølv om eg ikkje drakk frå meg det eg hadde." Han seier til og med til verten som baud han drikkehornet, at "du kan også trenge alt ditt vit, etter det eg kan sjå." Dette endar sjølv sagt med slåssing og drap, og for så vidt kunne det ha vore betre for begge partar at dei drakk. Men det poenget eg gjerne vil fram til, er for det første at det finst islandske tekster som framstiller den norske øldrikkinga som eit problem for ein og annan islending, og på same tid kan dette oppfattast som ein kritikk av norske forhold. For det andre - og det er kanskje mest interessant - kan tekster som *Hreiðars þáttr* og *Vøðu-Brand's þáttr* tyde på at når islendingar ynskjer å gje uttrykk for kritikk av - eventuelt ambivalens til - norske forhold, anten det er jåleri eller overdriven drikking, så vel dei gjerne eit talerør som publikum kan velje å ta på alvor eller la vere å ta på alvor. Her ligg det ei interessant heilgardering til alle kantar.

Islendingar vart mobba i Noreg.

Det vanlege biletet i sagalitteraturen er at islendingane vert mottekne i Noreg med stor ære, men ikkje i så reint få tekster høyrer vi også om gnissingar mellom islendingar og nordmenn. Gnissingar kan t.d. oppstå på skip der det både finst islendingar og nordmenn om bord. Eit godt døme på dette har vi i *Eyrbyggja saga*, kap. 39 der nordmennene hetsar dei to islendingane Arnbjørn og Þorleifr med at dei er typisk islandske så seinvorne som dei er. Eit skjelsord nordmenn brukte om islendingar, var *mørlandi*. Det var kanskje ikkje så svært stygt, men var sikkert irriterande nok. Det islendingane vert hetsa for, er nok eigenskapar og ein veremåte som står i ganske klar motsetning til det sjølvbilete tekstene skaper av den verdsvante islandske helten som alltid er situasjonens herre. Men til sjuande og sist er det nok også dette positive sjølvbiletet den norske hetsen skal vere med på å framheve, for islendingen brukar i teksta å få ein sjanse til å vise at den som hetsar, tek grovt feil. Tekstene gjev nok det biletet at hetsen mot islendingar oftast finn stad i hirdmiljøet, og konflikten med norske hirdmenn tener ofte ein liknande litterær funksjon som konflikten med kongen, som vi også hadde i ein del tekster. Islendingane vert til slutt dei som går sigrande ut av konflikten, og hetsen vert dermed vend frå skam til ære.

Men om hetsen oftast kan vendast til noko positivt for den islandske helten i tekstene, er det ikkje usarmsynleg at skildringa av gnissingar mellom nordmenn og islendingar, gjenspeglar ein historisk realitet. Sjølv om den norske hirda var langt mindre oversvøymd av islendingar enn den islandske sagalitteraturen gjev inntrykk av, kan islendingane si relativt sterke stilling i den norske hirda, ha vore eit norsk irritasjonsmoment. Den politiske situasjonen på 1200-talet kan også ha vore med på å gjeve stoff og aktualitet til motiv som skildrar gnissingar mellom islendingar og nordmenn i tidlegare periodar.

Islendingar identifiserer seg med nordmenn mot svenskar og danskar.

Når alt kjem til alt viser det seg nok likevel at islendingane når situasjonen kravde det, stod last og brast med nordmennene og identifiserte seg med sine gamle landsmenn mot svenskar og danskar. I Skandinavia i dag har vi ein eigen type vitsar som fortel om ein nordmann, ein svenske og ein danske. Kven som går sigrande ut av konkurransen mellom dei tre, varierer sjølvsagt frå land til land, i Noreg er det alltid nordmannen. Men den første "vitsen" av denne typen der det er nordmannen som vert sedd i eit positivt lys, er nok forma av ein islending. Eg tenkjer på Olav Tryggvason si vurdering av motstandarane sine før slaget ved Svolder. Den første som gjev ei detaljert framstilling av denne scena, er Oddr munkr. Kongen spør kven den første hæren som legg mot han er, og får til svar at det er danskane. Kongen svarar at dei skogsgeitene vil ikkje sigre. Danskane har mot som ei geit, og har aldri vunne siger når dei har kjempa på skip. Så kjem den andre hæren fram, og då Olav Tryggvason får vite at det er svenskekongen, seier han at det ville vere trivelegare for svenskane å reise heim att og sleikje blodkoppene sine enn å gå opp på Ormen Lange, og han seier at det ikkje er noko å ottast frå desse hesteetarane. Så kjem den tredje hæren, og då norskekongen får vite at dette er Eirik jarl, seier han at av denne flokken kan vi vente hard strid, dei er nordmenn som vi, og har ofte sett blodugt sverd. Forfattern av *Fagrskinna*, som nok også var islending, og Snorri har bygt vidare på teksta til Oddr, kvest til replikkane, og samla karakteristikkane av dei tre hærane, som hjå Oddr er skilde av kampskildringane, men alle desse islandske forfattarane har den stolte setninga: "Dei er nordmenn som vi." Det kan nok vere grunn til å spørje kor mange dei inkluderer i dette "vi".

Bibliografi.

Finnur Jónsson 1912-15. *den norsk-islandske skjaldedigtning* IB. København
Jochens, Jenny 1995. *Women in Old Norse Society*. Ithaca og London.
Meulengracht Sørensen, Preben 1993. *Fortælling og ære. Studier i islendinge
sagaerne*. Aarhus.

Vésteinn Ólason 1989. Den frie mannens selvforståelse i islandske sagaer og dikt. I: Andrén, Anders (red.). *Medeltidens fødselse*. Lund.